

Tilbakemelding på fråsegner knyt til høring om Bråtveit Kraftverk

Dette skrivet er bygd opp på følgjande måte. Hovudpunkta i fråsegnene til dei ulike partane er samla under blå overskrift. Søkjerane sine kommentar til fråsegnene er gitt under grøn overskrift. Om noko er uklart håpar me at de tek kontakt for avklaring.

Suldal kommune sine fråsegner:

«Bråtveit kraftverk

Lia mellom kraftstasjonen og inntaket er bratt og ufør, dels grunnlendt og dels med fjell i dagen, eit terreng i «hylleform». Lia er sterkt eksponert mot Bråtveitgrenda, mot Suldalsvatnet og mot RV13. Rådmannen finn at bygging av røyrgate i dagen og ca 1,9 km veg til Kvedndalen vil medføra mykje sprenging med følge store sår i eit landskap med stort innsyn. Rådmannen tilrår at dersom løyve vert gitt vert det sett vilkår om at øvre del av røyrkata, gjennom det brattaste terrenget frå kote 275, vert lagt i profilbora tunnel i fjellet, utan vegbygging. Reguleringa av Stora Kvednavatnet er i strid med kommunens retningslinjer ved at tiltaket ligg godt over skoggrensa, er større enn 1 m, og ligg innafor landskapsvernområdet, og må difor etter rådmannens syn fråstå.»

Viss løyve vert gitt til bygging av Bråtveit Kraftverk meiner kommunen det må setjast følgjande vilkår om avbøtande tiltak:

- Regulering av Stora Kvednavatnet må gå ut av planen
- Over kote ca 275 må røyrkata leggjast i profilbora tunnell, og utan vegbygging.

Kommentar til Suldal kommune sine fråsegner:

Om regulering av Stora Kvednavatnet:

Me ynskjer å opplysa om at Stora Kvednavatnet ligg utanfor landskapsvernområdet. At Suldal kommune har sett ei grense på 1 meter regulering over skogagrensa er forståeleg, men me vil peike på at strandsonen til dette vatnet i stor grad består av stein og svaberg, og me kan ikkje sjå at 1 meter er ei fornuftig reguleringsgrense. Stora Kvednavatnet har tidlegare vore regulert, derav namnet. Ingen skader er registrert av grunneigerane sjølv etter mange hundre år med regulering, verken erosjonskader eller redusert fiskebestand. Ei regulering av Stora Kvednavatnet vil vera svært positivt med tanke på moglegheiten til å oppretthalda minstevassføringa i vassdraget. Me meiner at regulering av Store Kvednavatnet er meir positivt for miljøet enn negativt. Ei regulering bidrar til å auka produksjonen av fornybar energi, og me kan ikkje sjå at inngrepet skal medføra nokon miljømessige negative konsekvensar. Reint samfunnsmessig meiner me det er viktig å byggje ut anlegga på best mogleg måte, og det vil seia at ein må tilpassa reguleringshøgda etter skjønn. Ei magasinerings er svært gunstig for å halda oppe minstevassføringa og auka driftsikkerheiten ved anlegget.

Villreinen i området er ikkje regissert påverka av tidlegare tidars regulering. At store reguleringar som Ulla-Førre har påverka enkelte villreinstrekk er på det reine, men nokre meters regulering vil ikkje påverka villreinen eller villreinstrekk i området.

Ei regulering vil medføra ein reduksjon i INON arealet. Då me ikkje kan sjå nokon negative konsekvensar knyt til ei regulering, anna enn ei endring i teoretiske tal i ein database, ja då finn me dette argumentet underleg.

Nedgraven røyrgate/tunnel:

Utbyggjar har vurdert forslaget frå Suldal kommune. Ei økonomisk vurdering av forslaget om profilbora tunnell frå kote 275 gir desse resultata:

Om søkt tunnel lengde 180m med reguleringsmagasin: 3,01 kr/kWh

utan reguleringsmagasin 3,27 kr/kWh

Tunnel frå kote 275, tunnellengde 810m med reguleringsmagasin: 3,70 kr/kWh

utan reguleringsmagasin: 4,03 kr/kWh

Reint teknisk er konsesjonssøkjerane usikker på om det er mogleg å gjennomføra boring frå kote 275. Bakgrunn for at om søkt alternativ enda med 180 meter, var at det i 2010 ikkje eksistera boreteknologi for sjakter med retningsendring. Teknologien er nå vidareutvikla av NorHar på Tonstad, men den er framleis ny og det er ikkje sikkert at fjellet er av ein slik kvalitet at det er forsvarleg og fullprofilbora frå kote 275. Om fjellkvaliteten er god nok og boreteknologien er tilgjengeleg ser utbyggjar på dette som eit spennande alternativet.

I dialog med Grete Holm Midttømme, NVE og professor II ved IVM/NTNU, kjem det fram at ned graving av røyrgater i svært bratt terreng eller fullprofilboring ikkje nødvendigvis er den beste løysinga med tanke på minimering av naturinngrep. Erfaringane frå mange småkraftverk er at ei nedgraving medfører større inngrep enn om røyrgata var festa til bratt fjell/underlag. Biomassen aukar markant i Noreg i dag, og tilveksten av skog vil raskt kunne skjule eit overflate inngrep. Terreng knyt til Bråtveit kraftverk har ein slik topografi at det for enkelte del strekke vil medføra eit marginalt inngrep å leggja røyrgata over terrenget/i sikt med terrenget. Det vil i praksis seie at det å ikkje grave ned røyrgata framstår for store delar av traseen som eit mindre inngrep enn både boring og nedgraving. Søkjarane ynskjer difor at det ved konsesjon handsaming av småkraftverk vert gitt rom for skjønn, slik at kvart anlegg kan optimaliserast i høve til avgrensing av inngrepa i kulturlandskapet. Søkjarane meiner difor at det er fullt mogleg å etablere ei røyrgate som er godt skjult av lauvskogen, og såleis ikkje framstår som eit skjemmande element i det vakre kulturlandskapet.

Fylkesmannen i Rogaland sine fråsegner:

Generelt

«I Noreg reknar vi at over 100 plante- og dyre arter er forsvunne dei siste 10 åra. Ein viktig naturtype er bekkekløft og bergvegg»

«Eit mangfald av kontrastrike landskapselement som fjordspefel, bratte fjordsider og fjell, elever og fossar, vegetasjonsbelte og særprega kulturmiljø bidreg til høg inntrykksstyrke. Det unike fjord og fjellandskapet står i ei særstilling i Rogaland og har høg verdi i høve til oppleveing, rekreasjon og reiseliv.»

Miljøverdiar

Tiltaksområdet ligg ved grenda Bråtveit på austsida av Suldalsvatnet og området Bråtveit-Mostøl er gitt «høg landskapsverdi/fylkesinteresse» i den fylkeskommunale rapporten «Vakre landskap i Rogaland» (1995). Tiltaket medfører fråfall av om lag 3,84 km² inngrepsfri natur (INON, sone 2).

Den biologiske konsekvensutgreiinga avdekka førekomst av tre naturtypar etter DN-handbok 13; *Bekkekløft og bergvegg* (B-viktig), *hagemark* (B-viktig) og *rik edellauvskog* (B-viktig). Det ble påvist to raudlisteartar, ask og alm (NT). I Norsk raudliste for naturtypar står *bekkelaup* oppført som NT. Eit søk i Artskart avdekte i tillegg førekomst av åkerrikse (2012) i kulturlandskapet nedafor fylkesvegen. Det er uvisst om tiltaket vil påverka åkerrikse negativt.

Fylkesmannens vurdering

Tiltaket medfører sterkt redusert vassføring i Kvernåa, på ei strekning på 3,1 km. Det planleggast å sleppe minstevassføring lik alminneleg lågvassføring (ALV). Søknaden inneheld følgjande påstand:

«For naturtypen bekkekløft er det per i dag liten kunnskap om i hvilken grad det biologiske mangfoldet blir påvirket av regulering. Kombinasjonen av magasinering og slepping av minste vannføring vil redusere antall og lengden på tørkeperioder, samt at flommene vil bli dempet. Dette kan ha større positive konsekvenser for artene enn negative, dog pr i dag eksistere det lite verifisert kunnskap knyttet til i hvilken grad artar typisk for flombekker blir påvirket av regulering.»

Fylkesmannen meiner at det er meir sannsynleg at ein naturtype som er tilpassa lokale tilhøve gjennom mange år vil lide av ei brå og betydeleg vassføringsendring, enn at den vil gagnast av det.

Med same grunngiving argumenterer utbygger *i mot* ei minstevassføring lik 5-persentilen (60 l/s), dette på trass av at naturmangfaldrapporten tilrår at minstevassføring bør aukast frå alminneleg lågvassføring (ALV, 20 l/s) til 50 l/s. Fylkesmannen refererer til § 9 *føre-var-prinsippet* i naturmangfaldloven, kor det står at dersom det ligg føre ein risiko for alvorlig eller irreversibel skade på naturmangfaldet, skal ikkje mangel på kunnskap brukast som grunngiving for å utsette eller unnlate å treffe forvaltningstiltak.

I kraft av sin status som «vakkert landskap i Rogaland», meiner Fylkesmannen at dei foreslåtte inngrepa vil redusere området verdi i høve til friluft- og rekreasjonsføremål: Den 1330 meter lange og 15 meter breie rørygata vil stadvis ligge i dagen grunna den bratte fjellsida. Den 1,9 km lange permanente anleggsvegen vil gå i sikksakk oppover i det bratte terrenget. Saman med stort fråfall av vassføring i Kvernåa samt oppdemming av Kvernavatnet fører inngrepet til eit tap av inngrepsfri natur (INON, sone 2) på heile 3,85 km². Fleire viktige naturtypar vil følgeleg få sterkt redusert verdi, og dette er effektar som etter Fylkesmannens vurdering er undervurdert og underkommunisert i søknaden. Suldal er ei av dei mest utbygde vasskraftkommunane i Rogaland og Bråtveit har fleire slike inngrep i omgivnadane (sjå også felles vurdering av samla belastning øvst i dokumentet). Fylkesmannen fremmar motsegn mot utbygging av Bråtveit kraftverk ut frå omsyn til natur- og landskapsverdiar (urørt natur, INON, naturtypar).

Kommentar til Fylkesmannen sine fråsegner:

Først vil me peika på at den største trusselen for naturmangfald i verda er klimaendring. Den største faren for tap av artar er ein auka global temperatur. Skal ein redusere utsleppet av klimagassen CO₂ lyt ein over på fornybar energi, t.d. vasskraft.

Når det gjeld det vakre kulturlandskapet er søkjar heilt einig i at landskapet har svært høg estetisk verdi, og har i sin søknad lagt vekt på korleis ein kan syte for at utbygginga ikkje skal gi permanente sår i landskapet. Kva gjeld raudliste artar er det synt i biologisk mangfald rapport at den største faren er knyta til kylestuvear av ask og alm, artar som krev aktivt skjøtsel. I følge biologisk mangfald rapport kan bekkekløfta ha raudliste artar, men etter tre synfaringar er ingen regnskogartar funne, pga. kløfta si utforming og orientering aust-vest. Tilsvarande biotopar og elvestrenger finst det mange av i området, og søkjar meiner difor at det er forsvarleg å bygge ut dette elveløpet.

Grunneigar sine eigendomar er alt underlagt landskapsvernplanar. Ei vidare avkorting av livsgrunnlaget på gardane pga. innskrenking i utnytting av ressursane i dette vakre landskapet vil gjera det vanskeleg å halda oppe busetnaden i grenda, og på sikt medføra nedlegging av drift. Det er søkjarane sin påstand at småbøndene, som dei representerer, også er ein raudliste art som er viktig for kulturlandskapet.

Kva gjeld diskusjon om minstevassføring er søkjar einig med fylkesmannen sitt fråsegn, ei brå endring til konstant minstevassføring er ikkje egna for denne typen vassdrag. Flaumbekker på vestlandet har stor variasjon i vassføring, og å gå over til tilnærma konstant vassføring meiner søkjar ikkje er fornuftig. Søkjar ynskjer ei tilsigbasert minstevassføring, der minstevassføringa varierer over året. Dette meiner søkjar er meir fornuftig for denne type vassdrag. Søkjar opnar for slepp av vassmengder både over og under 5-persentilen, då dette samsvarar med korleis den naturlege vassføringa i vassdraget har vore.

Me meiner såleis at naturmangfaldet lokalt ikkje vert skada av omsøkt konsesjon, då ingen raudlisteartar er funne i influensområdet utanom ask og alm. Me vil også minne om at det eksisterer fleire bekkekløfter av tilsvarande topografi og vassføring nært området.

Kommentar til Suldal E-verk sine fråsegner:

Me er i tett dialog med Suldal E-verk og Odda Energi om vidare framdrift. Fleire prosjekt må realiserast samstundes om det skal vera økonomisk forsvarleg å oppgradera eksisterande distribusjonsnett og etablera ny transformator i Røldal. Det er difor knyt spenning til kva utfallet av denne totale vurderinga av samfunnsøkonomien for om søkte prosjekt. Me ser det som viktig for realiseringa av dei ulike småkraftverka at risikoen for investeringa vert fordelt på fleire anlegg.

Søkjerane har ingen kommentar til fråsegnene til Direktoratet for mineralforvaltning, Statens Vegvesen og Rogaland fylkeskommune kulturavdelingen, då desse er som forventa.

Naturvern forbundet i Rogaland fråsegner:

«Ved å tillata ei regulering av Kvernavatnet vil ein ta ein ny bit av fjellområda i Suldal. Utbygginga vil ta eit nytt steg mot grensa til landskapsvernområde, i eit område som i dag kan seiast å vere eirandsone. Området på sørsida av Kvernavatnet er registrert som villreintrekk. Utbygging vil gi ein reduksjon på INON-område på 3,84 km². Også utan regulering av Kvednavatnet vil ein få reduksjon i INON-område, då på 0,61 km². Det vakre kulturlandskapet i Bråtveit vil bli påverka av inngrepa. Bygging av ei røyrgate i dagen og ca 1,9 km veg til Kvedndalen vil medføra mykje inngrep. Dette vil føre til store sår i eit landskap med stort innsyn. Naturvernforbundet er i mot utbygging av Bråtveit kraftverk. «

Kommentar til Naturvern forbundet sine fråsegner:

Søkjar er enig i mange av argumenta til Naturvern forbundet i Rogaland, men meiner at den viktigaste faren naturen står øve for nå er klimaendringar. Difor er det viktig at me satsar på fornybar energi. Ei utbygging kan likevel berre forsvarast om den vert gjort på ein skånsam og god måte.

Kommentar til Øvre Suldal Grendautval si uttale:

I Øvre Suldal er det fleire små bygder, Roalkvam, Bleskestad, Bråtveit, Nesflaten, Hamrabø og Bratlandsdalen. Folketalet i Øvre Suldal går jamt nedover, og berre dei siste 12 åra har folketalet blitt redusert med 8% (referanse: Suldal kommune/SSB). Det har i fleire år vore ein diskusjon om ein klarer å oppretthalda den lokale skulen. Butikken er nett opna opp att på dugnad. Suldølar er glade i bygda si og stolte over kor vakkert der er, men skal ein oppretthalda ei levande bygd ja då treng ein arbeidsplasser og utvikling.

Rogaland Fylkeskommune sine fråsegner:

«Ingen nasjonale verdier. Regionale verdier knyttet til landskap.

Konflikt med landskap av regional verdi (A2).

Inngrep (inntak og regulering) i høyfjellsområde over 1000 moh (A4).

1 bekkekløft (B) blir berørt med middels negativ konsekvens (B4).

INON-tap på 3,84 km² (C2).

Konflikt med kulturminner av regional (muligens nasjonal) verdi (E1,E2).

SD-SMÅ tilsier at en skal være svært restriktiv (C2)/restriktiv (B4, E1) med å tilrå utbygging. I tillegg tilsier bruk av kriteriene A2 og A4 at utbygging bør unngås.»

Kommentar til Rogaland Fylkeskommune sine fråsegner:

Dei fleste av punkta er argumentert for over. Nytt argument er konflikt med kulturminner av regional verdi (mogleg nasjonal) verdi (E1, E2). I brev frå Rogaland Fylkeskommune datert 14.06. 2010, vedlegg 5 til konsesjonsøknaden, står det «det ser ikke ut til at det planlagte småkraftverket kommer i direkte konflikt med kjente kulturminner. I nærområdet finnes det imidlertid flere kulturminner, både automatisk freda og fra nyere tid. Øst for den planlagte kraftstasjonen står det en bygning som er SEFRAK- regissert i verneklasse A.»

Desse verna bygningane er i dag svært vanskeleg å vedlikehalda, og konsekvensen er at fleire av dei er i fare for å falle ned. Ein veg ned til området vil medføra at det er mogleg å ta betre vare på desse bygningane.

Sluttkommentar til høringa:

Søkjarane er klar over motstanden knyt til element i konsesjonsøknaden, og forstår at omsøkte inngrep er kontroversielle. Søkjarane meiner likevel at utbygging av fornybar kraft er viktig, og særleg med tanke på naturmangfaldet. Klimaendring er den største trusselen for naturmangfaldet i verda, og auka produksjon av fornybar energi er det viktigaste verkemiddelet mot auka utslepp av klimagassar og temperaturstigning.

At Suldal som region nærmare seg ei smertegrense for kor mange vassdrag det er forsvarleg å regulera er me klar over. Men me kan ikkje sjå at om søkt anlegg vil redusera naturmangfaldet i regionen, då ingen raudliste artar er registrert. Der er også mange

uregulerte vassdrag med tilsvarande biotopar i området. Søkjerane meiner difor at ei skånsam utbygging vil telja positivt, og er viktig både i lokal og global målestokk.

Søkjerane tykkjer at hovudmotargumentet med vakkert kulturlandskap fell på si eiga urimelegheit, då det er presisert at utbygginga vil bli utført med stor vekt på å tilpassa anlegget til topografien og minimalisering av synlege inngrep. Kven er vel interessert i å øydeleggja deira eige kulturlandskap, som dei i generasjonar har teke vare på? Det er ein tradisjon blant grunneigarane å ta vare på og byggja opp gardane ved å nytta naturressursane på ulike måtar etter som tidene endrar seg. Dette har gitt levande bygder og verdifullt kulturlandskap.

Oppsummert vil ei utbygging:

- auka produksjon av fornybar energi; dette er viktig for naturmangfaldet i verda
- gjera det lettare å oppretthalda kulturlandskapet, hvilket er viktig for naturmangfaldet
- vera viktig for lokalsamfunnet, då auka verdiskaping kan bidra til redusert fråflytting
- gjera vedlikehaldet av verna bygningar lettare
- representera ei utnytting av vassressursane er i tråd med tradisjonane på gardane